

Bok på 1-2-3

På fire bein: Den vegen

Av Berenika Kotomycka

Tverrfagleg undervisningsopplegg for 5.–7. trinn i norsk og kunst og handverk. Tema er helse og livsmeistring.

Tid: 90 minutt

Den vegen er fjerde del av den vakre teikneserien *På fire bein* av Berenika Kotomycka, omsett av Knut Inge Andersen. Reven, Villsvinet og Selen fortel kvar si historie om det å ha følgd kjenslene sine og ha valt sin eigen veg.

Det er Selen si historie vi skal gå i djupna på i dette undervisningsopplegget. Selen si historie er møtet med ein langust (eit krepsdyr) som er redd for å kaste skalet sitt i frykt for å bli eten utan dette vernet rundt seg. Men kva når ein veks og utviklar seg, og skalet vert for trangt? Selen gir langusten mot til å avgjere sjølv kva han vil gjere og ikkje gjere, kva han kjenner og tenkjer. Og på å ta sjansen på livet.

Utstyr og førebuing

- Kople opp pc med tilgang til nett og prosjektor.
- Finne fram boka til storskjerm, eller bruke eit fysisk eksemplar.
- Ordbokene.no.
- Gode analoge skrivesaker.
- Klasserom til å kunne røre seg.
- Akvarellmåling og gjerne akvarellfargeblyantar.
- Akvarellark (A5).
- Penslar, vatn, bomullspinnar og svamp.
- Farga ark (A4) som passepartout.
- Ipad (valfritt).
- Måleskjorte, aviser / gamle voksdukar til å beskytte pultane.



Formål

Norsk

- lese skjønnlitteratur på nynorsk, og samtale om formål, form og innhald
- lytte til og vidareutvikle innspel frå andre og grunngi eigne standpunkt i samtalar
- utforske og beskrive samspelet mellom skrift, bilete og andre uttrykksformer og lage eigne samansette tekstar
- nynorsk som sidemål: prøve ut skrivning av tekstar på sidemål

Kunst og handverk

- teikne form, flate og rom ved hjelp av verkemiddel som kontrastar, skugge, proporsjonar og perspektiv
- utforske og reflektere over korleis kjensler og meiningar blir viste i kunst og bruke symbolikk og farge til å uttrykkje kjensler og meiningar i eigne arbeid
- designe og lage ei utstilling som viser fram prosess og produkt



NYNORSKSENTERET
NASJONALT SENTER FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA

1 Før lesing

(10 minutt)

Samtale

I ein samtale er ein i eit fellesskap der elevane får øving både i å uttrykke eigne standpunkt og i å lytte til andre.

- Kva vil det seie å følge kjenslene sine?
- Kva vil det seie å gå sin eigen veg?

La gjerne spørsmåla henge i lufta og stilla. Fortel så at no skal dokker lese om ein sel som møter ein langust som er redd for å kaste skalet sitt.

- Kva er ein sel? *Ein sel er eit pattedyr. Han lever størstedelen av livet i vatn og hentar maten sin der.*
- Kva er ein langust? *Ein langust er ein tifotkreps som lever i varmare hav.*

Konkretiser med bilete. Så les dokker.





Langust. Foto: iStock/slowmotiongli



Selar. Foto: Pascal Mauerhofer / Unsplash

2 Lesing (20 minutt)

Du som lærar les høgt, og dokker opplever utdraget saman. Ta dokker tid til augeblikka, og ver gjerne merksame på kvar elevane opplever høgdepunkt i lesinga. Ver også merksame der redd og modig åtferd vert omtala. Lag dokker ei god stund, og hugs å sitte godt og avslappa.



Spørsmål undervegs kan vere:

- Side 42: Korleis opplever dokker kjenslene og åtferda til Langusten? *Redd, nervøs, stressa. Snakkar mykje og hektisk om det han opplever som farleg.*
- Side 46: Korleis opplever dokker kjenslene og åtferda til Selen? *Trygg, oppmuntrande, støttande. Han ser Langusten og gir han råd. Let Langusten reflektere, erfare og ta eit sjølvstendig val.*
- Side 48: Korleis opplever dokker Langusten på siste biletet? *Stolt, modig, glad, letta.*
- Side 48: Korleis oppfører vennene til Langusten seg på siste biletet? *Dei rosar og er engasjert vende mot Langusten.*
- Avslutning: Kva kan denne forteljinga lære oss?

3 Etter lesinga

Samtale

- Sjå på bileta. Korleis kan ei rustning, verneutstyr, klede, sminke, materielle gode, kjemp, flykt eller frys beskytte oss (direkte og indirekte, fysisk og mentalt)?
- Kvifor er ein redde? Kva fordelar og ulemper er det med å vere redd?
- Kva kjensler er til hjelp når vi skal lære og utvikle oss?
- Kva er mot? *Det er mental styrke til å våge noko. Sjølvtilitt og å vere modig kan vere synonym.*



3 Etter lesinga (framhald)

Skriving av kort tekst i prosess

- 1 Gå sakte rundt i rommet. Elevane vender seg innover mot seg sjølv.
Alternativ: Stå eller sitt godt. Lat gjerne att auga.
- 2 Læraren seier: Tenk på ein gong du kjende deg modig. Hugsar du kvar du var? Hugsar du kva du gjorde, kva du tenkte, eller kva du sa? Hugsar du kjensla du hadde i kroppen før du var modig, medan du var modig, og etterpå? Kvar i kroppen sit motet for deg? Kva farge tykkjer du motet har? Kva lyd lagar motet? Kva rørsle? Kva har kjensla mot vore med på i livet ditt til no? Korleis er det med motet ditt i dag? Korleis blir det med motet ditt framover, trur du?
- 3 Å *flyteskrive / skrive fritt* er ein metode for å frigjere tankar og la idear flyte utan å bekymre seg for grammatikk, stavfeil eller struktur.
 - Elevane sit no på arbeidsplassen sin og skal bruke dei kroppslige erfaringane og svara dei fann i oppgåve 2.
 - Flyteskriv eller fortel til ein læringspartnar/hjelpar som skriv ned. Byt så eventuelt roller (tilpassa opplæring). Bruk nynorsk som språk. Bruk også fantasien og stol på deg sjølv når du skriv/fortel. Det skal vere ein kort tekst, og føremålet er lærelyst. Skriv mest mogleg samanhengande i 10 minutt utan å stoppe for å tenke eller redigere. Dette kan hjelpe med å vinne over skrivesperre, det kan gi nye idear, eller det kan få tankar ned på papiret. Metoden er nyttig for å uttrykke tankar og kjensler som kan vere vanskelege å uttrykke på ein meir strukturert måte.
 - Læraren kan gjenta punkt 2 undervegs. Lag dokker ei god stund.
- 4 Etter at skriveøkta er over, kan dokker gå tilbake og sjå over det eleven har skrive for å finne eventuelle interessante idear eller innsikter å bygge vidare på. Ein kan då arbeide med grammatikk, staving og struktur. Moderne eventyr kan vere sjangeren. Teksten kan finskrivast analogt eller digitalt.

4 Aktivitet

I denne aktiviteten skal vi la oss inspirere av dei vakre akvarellbileta i teikneserien *Den veggen?* og skriveoppgåva. Elevane skal få kjennskap til akvarellmetoden og utforske han. Dei skal få prøve seg fram med å blande fargar på eigne bilete, med primærfargane (raud, blå, gul) som utgangspunkt. Kvit farge er nyttig for å mette og tydeleggjere fargar og uttrykk. Elevane skal få prøve ut ulike teknikkar innanfor akvarellmåling.

Rammefaktorar

Tema for biletet: Mot til å utvikle seg.

Temaet kan vere med bakgrunn i eigne erfaringar. På 5.–7. trinnet er det mange utfordringar som gir utvikling. Dette er eit godt utgangspunkt for samtale.


Tittel: Eit valfritt ord skrive på nynorsk.

Arbeidsmetode: Dokker arbeider med akvarellmåling. Det er valfritt om ein vil måle figurativt (å framstille menneske, natur og gjenstandar på ein konkret måte som er lett å kjenne att) eller abstrakt (her er forbindinga til den synlege og konkrete verkelegheita redusert, forenkla, generalisert eller oppheva). Ein kan nytte besjeling (konkrete eller livlause gjenstandar får menneskelege evner eller eigenskapar) som verkemiddel i biletet.

Innhald: Teikne og mål 1–3 skisser på vanlege ark. Utforsk og ta val kring komposisjonen og fargesamansetningane. Ta gjerne vare på alle utprøvingar, og ta gjerne foto undervegs på iPad for å dokumentere prosessen til eleven. Det ferdige arbeidet vert måla på utdelte A5-akvarellark. Formålet med øvinga er å få rett fargeblanding og eit spennande uttrykk med akvarellen.

- 1 Start med å fukte heile arket litt, for så å bruke lys og våt måling for å markere komposisjonen i biletet.
- 2 Så kan dokker halde fram med noko mørkare fargar for å få fram nokre konturar.
- 3 La så målinga tørke før dokker målar vidare for å få fram noko djupne i biletet. Dette kan ein gjere i fleire omgangar.
- 4 Avslutt med å markere enkelte av figurane med å bruke fargeblyantar som er vassfargar, som ein igjen kan måle forsiktig over. Hugs å signere!

Evaluering/avslutning: Utvikle ei estetisk klasseromutstilling. Bruk farga ark (A4) som passepartout. La gjerne tekstane vere ein del av utstillinga anten utstilt på vegg, digital eller fysisk presentasjon, eller munnleg. Ta stilling til kven som er publikum: klassen aleine, andre klassar eller familie?



Kjelder

- Edwards, A. & Rueness, E. K. (2024): Lille norske leksikon. Sel.
Henta frå <https://lille.snl.no/seler>
- Fosse, T. I. (2013): Skrivelysten? Råd og hjelp og rare ting å prøve.
Cappelen Damm.
- Sømme, L. S. (2023): Store norske leksikon. Languster.
Henta frå <https://snl.no/languster>